

## Øystese sokneråd

5610 Øystese

### Referat frå Øystese Sokneråd

Stad: Øystese kyrkje

Dato: 05. mars. 2019

Tid: kl. 19.00 - 21.30.

Soknerådsmøta er opne.

<b>Dato:</b> 05. mars 2019		
<b>Til stades:</b> Lars Arne Vik, Hans Atle Soldal, Kjell Arne Gjørn, Oddvar Ulltang, Bodil Lie Øyri, Anne Marit Rykken og Gunnvor Utne Mæland.		
<b>Ikkje til stades:</b> Rannveig Linga, Sidsel Iren Neteland Linga, Trude Femsteinevik, Helge Erik Olsen, Hege Dale, John Kristian Rykkje og Anne Luth-Hansen Oma.		
<b>Leiar:</b> Oddvar Ulltang		
<b>Skrivar:</b> Anne Marit Rykken		
NR:	SAKER:	MERKNADER:
1.	Godkjenning av innkalling, referat og sakliste + ord for dagen	<ul style="list-style-type: none"><li>Innkalling, referat og sakliste vart godkjend. Oddvar ynskte velkomen til oss alle, men ekstra til Kari, Solveig og Mampion. Han les frå bloggen til Karl Petter Oppsal.</li></ul>
INFO	Post, nytt frå fellestrådet, nytt frå nominasjonsnemnda, friluftsgudsteneste 2. påskedag, samarbeidsmøte 14.03,	<ul style="list-style-type: none"><li>Nominasjonsnemnda har starta arbeidet med å ringa rundt og freista få folk til neste års sokneråd. Det vert sendt ut brev til dei som har sagt ja til å få tilsendt brev, med info om soknerådsarbeidet. Så vil dei verta oppringt ved eit seinare høve, for å høyra om dei kan tenkja seg å stå på lista til nytt sokneråd.</li><li>Friluftsgudstenesta: <b>Lars Arne sender spørsmål til Næringslaget ved Arild Berge og høyrer om det er greitt å ha gudstenesta i parken og paviljongen 2. påskedag.</b></li><li><b>Kjell Arne snakkar med Arne O. Øystese.</b></li><li>Samarbeidsmøte med indremisjonen 14.03 i Norheimsund kyrkje.</li></ul>
2.	Evaluering gudstenester	<ul style="list-style-type: none"><li></li></ul>
3.	Trusopplæringa vår Kateket, kyrkjepedagog og søndagsskulelærar	<ul style="list-style-type: none"><li>Mampion har nett byrja i kateketstillinga. Ho fortalde at ho gledde seg til å ta til i stillinga og ho trudde ho kom til å trivast i Kvam. Me ynskte henne hjarteleg velkomen.</li><li>Kari fortalde om arbeidet med sundagsskulen. Ho tykkjer det er fint å ha samlingane i</li></ul>

		<p>bårehuset, der ho samlar borna fem gonger i året. Målgruppa er born i alderen 4-10 år. På sundagsskulen har dei mellom anna presentasjon, ljostenning, songar, ei enkel truvedkjening, bibelvers, leik og flanellografandakt.</p> <p>Dei fekk kr. 7500 i oppstartskapital og det kjem godt med no i starten. Kari ynskjer gjerne andre vaksne velkomne i arbeidet med sundagsskulen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein kan også spørja fjorårskonfirmantane/konfirmantane om dei kan vera med på søndagskule.</li> <li>• Solveig fortalde om arbeidet med trusopplæringstilboda i kyrkja. Viser og til skriv om TOL – arrangement i kyrkjene i Kvam. Det vert krølletreff 9.mai kl. 17.00. Me treng to stykk til å vera med utanom Sidsel. Det vert utdeling av fyrsteklassebok 19.juni kl.17.30. Her treng me tre personar som kan vera med denne dagen.</li> <li>• Me set stor pris på det arbeidet dei gjer.</li> </ul>
4.	Diakoniplan/diakoninemnd	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gunnvor vart vald til vararepresentant i diakoninemnda.</li> <li>• <b>Neste møte vert forslaget frå diakoninemnda tatt opp til godkjenning.</b></li> </ul>
5.	Årsmøtet for kyrkjelyden 17.03.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det vert årsmøte for kyrkjelyden 17.03.19. med kyrkjekaffi. Oddvar leier, og det vert lagt fram årsmelding og årsrekneskap.</li> </ul>
6.	Fasteaksjonen 2019	<p>Fasteaksjonen vert 9.april, møtestad Øystese Bedehus. Det er 22 konfirmantar i år, alle vert med denne dagen.</p> <p><b>Alle i soknerådet møter kl. 16.30 i bedehuset. Hans Atle hentar bøssene.</b></p> <p><b>Måndag møter Oddvar, Jon Kristian, Kjell Arne, Rannveig og Bodil kl. 17.30</b></p> <p><b>Gunnvor, Rannveig, Bodil og Anne Marit bakar 30 bollar kvar.</b></p> <p><b>Anne Marit spør om nokre elevar frå Kvam ungdomsskule 10 klasse, kan vera med å samla inn pengar.</b></p> <p><b>Oddvar vert med på foreldremøte 3.april</b></p> <p>Registrering og oppstart mellom kl. 17.00 og 17.30 ved Kjell Arne og Jon Kristian.</p> <p>Hans Atle og Oddvar har ansvar for å dela ut bøsser.</p> <p>Trude og Gunnvor tel pengar.</p>
7.	Godkjenning av årsmelding for 2018	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Årsmelding for 2018 er godkjend av soknerådet.</b></li> </ul>
8.	Økonomi	

9.	Kvalitetssikring av oppgaver i mars og april	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kyrkjevertar:  <b>17.03 : Gunnvor og Oddvar</b>  <b>Gudsteneste kl. 11.00 med årsmøte og kyrkjekaffi.</b>  <b>Gunnvor ordnar kaker og frukt.</b>  <b>31.03: Hege og Anne Marit</b>  <b>Gudsteneste kl. 11.00 - kyrkjekaffi</b></li> </ul>
	Eventuelt	Møtet vart avslutta med Vår far